

# Terroristen var åleine. Vi har sjansen til å stå saman.

av Frode Grytten

Det var hatet som fredag plasserte ei bilbombe i Grubbegata og utløyste tenninga. Det var vondskapen som sette seg i ein annan bil for å kjøre til Tyrifjorden. Det var svartkvitt-tenkinga som gikk i land på Utøya og tok til å drepe ungdommar.

Slikt skal ikkje skje. Ingen menneske skal måtte lide så mykje. Ingen heimar skal bli så skaka opp som dei blei den ettermiddagen. Ingen foreldre og pårørende skal vere nødt leve gjennom noko slikt. Ingen stille sommandagar skal fyllast med mord.

Men det skjedde. Vi fikk den verkelege verda på vitjing i husa våre. Våre eigne rom blei fylt med alt det vi ikkje vil sjå. Det kunne ha vore bilde frå Beirut, Kabul eller New York, frå Madrid eller Oklahoma. Dei var frå Oslo. Dei var frå Tyrifjorden.

Det er verkeleg umulig å fatte smerta til menneske som blir råka på dette viset. Tv-bilda og avisartiklane får oss til å fatte ein flik. Kanskje hadde vi ikkje orka å gå vidare dersom vi blei tvunge til å ta inn alt saman. Men kvar historie er ei unik historie om sorg, om sakn, om død som kom brått og altfor tidlig.

Det som går an å forstå er terroren. For dette hatet blei ikkje påført oss frå krefter utanfrå. Det var ikkje handlingar gjort av andre, terroren var ikkje utført av dei som vi i årevis har stempla som annleis og feige og farlige. Massemordet kom frå oss sjølv. Frå ein mann med manerar, ein frimurar, eit tidligare Frp-medlem, ein mann kledd i Lacoste, ein frå beste vest.

Anders Behring Breivik var til å kjenne igjen. Ein som likna oss. Inga bølle, ingen snauskalle, ingen tatoveringar, ingen rabiater rasist. Det var ein tenkande mann som var i stand til å skrive eit forsvarsskrift på 1500 sider for å legitimere sitt hat og sitt brotsverk.

Det endte i galskap, men hendinga er ikkje noko vi kan feie unna som ein gal manns verk, lukke auga og så gå vidare.

I dagane etter Anders Behring Breiviks ugjerningar har kommentatorar og politikarar mana til moderasjon, det må ikkje gå politikk i terroren som har ramma oss. Men kva anna handlar dette om enn politikk? Breivik gikk til angrep på politikken, på politikarar, på det politiske systemet. Og han gjorde det med ord og argument som er lett å kjenne igjen frå det daglige politiske ordsiftet.

No finst det ingen terrorist som fullt ut har tatt verda inn over seg. I terroristens hovud blir den verkelege verda med all si forvirring, alle sine nyansar, all sin kompleksitet, gjort til noko enkelt, noko som kan fargast svart eller kvitt. Det finst fiendar, det finst farar, det finst konspirasjonar. Ikkje minst finst det folk som må plasserast i båsar og gjort til umenneske eller svikarar fordi ein seinare skal kunne påføre dei vald og død.

Teknologien har utvilsamt utvida verda, men har på same tid også gjort det mulig å innskrenke verda for personar som måtte ønske å leve i eit vakum, for dei som vil danne ei sekt, eit brorskap som ikkje vil ta innover seg vanlige folks problem, smerte og sårbarheit. Slike internetgettoar vender seg innover, skapar sine forstyrre og feilaktige bilde av korleis vi lever. For ein konservativ, høgreekstrem som Breivik var det mytane om utviklinga av eit fleirkulturelt Europa som blei brannstoff for hatet.

Dette falske, skakke brorskapet lokkar nokre få. Men det er alltid fleirtalet som avgjør kva som er legitimt. Og vi må spørje oss sjølve, utan nåde, trass Frp si indignerte røyst om at spørsmålet er avskyelig: Har ikkje forteljningane om farane ved det multikulturelle samfunnet fått ein aksept i den jamne politiske debatten? Ville dei få ekstreme ty til vald om dei ikkje trudde at det fanst ei von om aksept blant det moderate fleirtalet, kanskje ikkje no, men ein gong i framtida, ein gong snart?

Må vi ikkje konfrontere oss sjølve med dette: Har vi ikkje skapt eit samfunn som dyrkar det ekstreme, som seljer inn alle dei sterkaste meiningane, som ønsker personkonflikt,

som vil ha spissa standpunkt, tøffe debattar som gjør politikken til eit spel mellom leiarar og journalistar, til noko som angår ein stadig mindre elite? Kommersielt drive massemedia ønsker saker som er kontroversielle, alle typar bråk og strid som skapar overskrifter. Stadig mindre ressursar blir brukt til å gå ut i den verkelege verda for å skildre korleis folk faktisk lever og kva katastrofar som kvar einaste dag treffer verdas befolkning.

I ei slik verd blir menneske til eksempel, folk blir til tal i ein statistikk, menn og kvinner til case i ein avisartikkel, til eit trugsmål i ein nettkommentar. Dei blir til problem i ein politisk debatt, til noko som må kjempast ned eller myrdast i ein ung manns hovud. Terror skadar aldri dei som verkeleg er skuldig. Terrorens mål er å skape frykt, kaos, redsle. Det finst ingen terroristar som er progressive eller som ønsker ei betre verd i form av ytringsfridom, demokrati, antirasisme, feminisme eller kjærleik.

Terror er i seg sjølv utan makt. Terror kan ikkje ramme oss i det lange løp, bare i forferdelige slag som det på fredag. Samfunnet er sterkare enn terroristen, økonomien er løfta over ekstremisten, politikken overlever Anders Behring Breivik. Men det er måten vi agerer på som skapar eller løyser problem.

Skal vi løyse problema, må vi vise at vi kan leve saman, då må vi innsjå at alle sunne samfunn består av folk som er ulike, som har ulik bakgrunn, religion, hudfarge, historie. Då må vi vise at vi har empati, at vi bryr oss om dei verkelege problema i verda, ikkje bare oss sjølve og vår vesle innskrenka verd.

Anders Behring Breivik sin store triumf er ikkje om han får lese frå sitt manifest i den kommande rettssaken. Han går ikkje av med sigeren om nokon spreier hans mange fordommar og myter på nettet. Han vinn ikkje om vi gjennomanalyserer han eller gir han spalteplass. Han singlar dersom vi framleis går med på at politikk skal ha plass for hat og uforstand. Han vinn dersom vi ikkje orkar å sjå menneske slik menneske faktisk er, heile og sårbare, fulle i feil og fulle i drømmar, utsett og i fare.

Det høyrst gjerne naivt ut, men det må seiast: Våre politikarar må ta politikken tilbake ved å gjøre politikk til kjærleik. Vil dei ha vår stemme, må dei fortene ho fordi dei bryr seg om menneska, fordi dei orkar å sjå menneska, fordi dei er store nok til å sjå alle menneske. Det er ikkje ideologiar eller system eller politiske parti som skapar verda, det er vanlige folk som står saman og jobbar saman. Terroristen var åleine. Vi har sjansen til å stå saman.

Frode Grytten